



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10678 - 23/86413

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
09.11.2023

Oversender klage på avslag på krav om innsyn til endeleg avgjerd - gbnr 99/4 Våge

Saksopplysningar

Klagar: Elin og Henry Fanebust

Saka gjeld klage av 12.04.2023 på vedtak av 11.04.2023 om avslag på innsynkrav i sak 23/17 – gbnr 99/4 Våge. Det vart satt fram krav om innsyn i dokument 22/85298 og 22/86287 i saka.

Kommunen beklagar lang sakshandsamingstid grunna stor saksmengd innan klagehandsaming.

Bakgrunn

Kommunen gav innsyn i sak 23/17 – gbnr 99/4 Våge for dokument 22/85298 og delvis avslag på innsynkrav for dokument 22/86287 på grunn av personlege tilhøve i vedtak, datert 11.04.2023.

«Vedtaket har følgjande ordlyd:

Viser til ditt krav om innsyn datert 26.03.2023.»

Grunngjevinga i vedtaket var følgjande:

«Det er gitt avslag på kravet om innsyn fordi dokumentet inneheld informasjon «om noens personlige forhold» som er underlagt teieplikt. For opplysningar som er underlagt teieplikt er det ikkje aktuelt å vurderer meirinnsyn etter offentleglova § 11.»

Klagen av 12.04.2023 er i hovudsak grunngjeven med følgjande:

«Avslaget er begrunna med at dokumentet inneheld informasjon om «noens personlige forhold».

«Dokumentet», som viser seg å vere eit oppgulp av usannheiter og usaklegheiter, er retta direkte mot underteikna, underteikna sin dels namngitte familie og også einskilde politikarar. All den tid dokumentet er offentleggjort av Eikevik gjennom distribusjon, er det heilt naudsynt at alle som er omtala her får høve til å tilbakevise overfor mottakarane, slik også vi kjem til å gjere.

Vi kan kun godta eit avslag dersom desse «noens pesonlige forhold» gjeld Eikevik aleine eller hans familie. Alle andre må ha krav på innsyn for å kunne ivareta sine eigne interesser. Om dei er uvitande må dei sjølv sag varslast.

Dersom «noens pesonlige forhold» i vedtaket ovanfor vedrører enten 99/1, oss personleg eller vår familie krev vi absolutt innsyn for å kunne ivareta våre interesser.»

VURDERING:

Delvis avslag på innsynkrav for dokument 22/86287 gjelder side 17-21 som utgjer 4 sider.

Klagen av 12.04.2023 er grunngitt i at klagar må ha moglegheit til å fremje sin interesser i saka, der dei er part. Klagar kan akseptere at opplysningane vert skjerma dersom dei gjeld tiltakshavar i saka, Eikevik og nær familie, direkte utan at klagar er involvert.

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen. Kommunen har nytta Sivilombodets si Innsynguide som rettleiing til den rettsleg utgreiinga, sjå [her](#).

Utgangspunktet er at alle saksdokument og journalar hos et forvaltningsorgan er offentlege med rett til innsyn, jf. offentlegheitslova (offl.) § 3.

Om kommunen etter ei konkret og heilskapleg vurdering har komet fram til at det er et reelt behov for å unnta heile eller deler av dokumentet det er bedt om innsyn i, må det vurderast om det er heimel i lov eller forskrift med heimel i lov for å unnta opplysningane.

Opplysningar, som etter lov eller forskrift/instruks fastsett i medhald av lov er underlagt tausheitsplikt, skal forvaltningsorganet ikkje gje innsyn i, jf. offentlegheitslova § 13. Fordi unntaket frå innsyn gjeld opplysningar, og ikkje dokumenter i sin heilskap, er utgangspunktet at kommunen skal sladde dei opplysningane som er underlagt teieplikt.

Avslaget er grunngjeven i teieplikt på grunn av nokon sine personlege tilhøve. Meirinnsyn skal ikkje vurderast for opplysningar som er underlagt teieplikt, jf. offl. § 11.

Kva som reknast som nokon sine personlege tilhøve må vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle. Som eit hjelpemiddel vert personlege tilhøve gjerne omtalt som «opplysningar som det er vanlig å ville holde for seg selv», sjå forarbeida til offl. § 13¹ Kva som oppfattast som personlege tilhøve kan difor endre seg med tida.

Forarbeida peiker på at det er relevant å sjå om opplysningane kan bidra til å skade eller utlevere ein person, om opplysningane er gitt i noko som minner om eit betroelsesforhold og om utlevering av opplysningane kan skade tillitsforholdet til den offentlege forvaltninga.

I ei sak, som er underlagt teieplikt, så må kommunen anonymisere/sladde alle individualiserande kjennetegn. Det inneberer at ikkje berre namnet på personen skal sladdast, men også opplysningar som indirekte røper kven opplysningane omhandlar. I

¹ NOU 2003: 30 s. 229

vurderinga må kommunen ta omsyn til opplysningar i dokumentet og opplysningar som er gjort kjent andre steder (koblingsfare)².

I vår sak gjeld opplysningane tiltakshavar i saka, Eikevik og nær familie, direkte. Klagar er ikkje omfatta av dei opplysningane som kjem fram på dei 4 sidene som er unntatt innsyn.

Vidare er det relevant for kommunen at opplysningane kan bidra til å skade eller utlevere ein person, at opplysningane er gitt i noko som minner om eit betroelsesforhold og at utlevering av opplysningane kan skade tillitsforholdet til den offentlege forvaltninga.

Klagar påstand, om at klagar må ha moglegheit til å fremje sin interesser i saka, der dei er part, har ikkje ført fram. Imidlertid har klagar vist at dei kan akseptere at opplysningane vert skjerma dersom dei gjeld tiltakshavar i saka, Eikevik og nær familie, direkte utan at klagar er involvert. Dette er tilfellet i vår sak.

Klagar har ikkje lagt fram nye moment som endrar kommunen sin vurdering i saka. Klagen tas ikkje til følgje og vedtak i sak 20/12119, datert 31.01.2022, vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vi gjer merksam på at Statsforvaltaren i Vestland har opplyst at saksbehandlingstida er på mellom ein og tre månader.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Elin og Henry Fanebust

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger

² Se for eksempel [SOM-2020-746](#) og [SOM-2020-2197](#)